



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppgje ved svar)	Arkivopplysningar	Dato
	11/739	11/105-3 / / S10 /	24.01.2011

## **Foreslått ordning med elsertifikat - høyringsuttale frå Gloppen kommune**

Frå Gloppen kommune er det med glede registrert at det 8. desember 2010 vart lagt fram lovforslag for å etablere ein felles svensk-norsk marknad for elsertifikat. Ordninga med grøne sertifikat vert igangsett frå 1. januar 2012 og vil gje småkraftprodusentar ekstra inntekter dei første 15 åra. I lovframlegget er det foreslått ei overgangsordning for småkraftverk med inn til 1 MVA installert effekt bygd etter 1. januar 2004. Større småkraftverk bygd i same periode får ikkje same overgangsordninga.

Frist for høyring på lovforslaget er sett til 1. februar 2011.

Gloppen kommune er ein etter kvart stor småkraftkommune. Frå 1999 til januar 2011 er det igangsett 18 småkraftverk, med ein samla årsproduksjon på 253,1 GWh. Eitt anlegg i tillegg er no ferdigstilt, og fire nye kraftverk med berekna samla årsproduksjon på 31 GWh har fått konsesjon. Nær all småkraftproduksjon er eigd av lokale grunneigarar.

Med grøne sertifikat vil småkraftnæringa i Gloppen verte endå meir lønsam framover, og det er stor von om at fleire prosjekt i framtida kan produsere rein, fornybar energi.

Med den eigarstrukturen småkraftnæringa har i Gloppen, er verdien av produksjonen eit godt økonomisk bidrag for grunneigarane som alle har tilknytning til landbruket. Småkraft-inntekter har ført til ny optimisme med investeringar i fellesfjøs og anna fornying av driftsapparat. I tillegg har den lokale bygg- og anleggsbransjen og lokale konsulentar hatt gode inntekter. Dei nye kraftverka er med og sikrar busetjinga kring om i bygdene våre.

For Gloppen kommune betyr småkraft inntekter i form av eigedomsskatt i tillegg til skatt frå personleg inntekt.

**Det er svært beklageleg at ei gruppe kraftverkseigarar fell utanfor ordninga med elsertifikat. Trass klare lovnader frå regjeringshald i 2003 vart det ikkje innført grøne sertifikat frå 1. januar 2004. Lovforslaget som no er på høyring gjev ikkje elsertifikat på kraftverk over ein MVA med byggestart før 7. september 2009. Det betyr at mange**

**prosjekt som vart bygde med lovnader om sertifikat, ikkje får det ekstra økonomiske tilskotet. I så fall vil ni prosjekt i Gloppen, med total årleg produksjon på 133 GWh, ha ei klart dårlegare lønsemd enn det som ein gong vart lova.**

**For å rette opp tidlegare feil, ber Gloppen formannskap om at alle småkraftverk med byggstart etter 1. januar 2004 må kome inn under den nye sertifikatordninga. Dette må innarbeidast før den nye lova vert vedteken.**

---

Denne uttalen er vedteken av formannskapet i Gloppen den 20. januar 2011.

Med helsing

Anders Ryssdal  
ordfører  
tlf. 57 88 38 51